



Land og bruk

Nummer 4 - 2012

September 2012

- nytt og nyttig for landbruksforvaltninga i Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland, Landbruksavdelinga

Redaktør: Sissel C. Endresen - telefon 51 56 89 60, e-post: sissel.c.endresen@fmro.no

Nyttig informasjon

Landbrukskonferansen 2013

Konferansen blir arrangert **5.-6. mars** på Quality Hotel Residence i Sandnes. Første dag blir det landbrukspolitisk konferanse og andre dag blir det fagsamling for landbruksforvaltninga.

Fint dersom politikerane i kommunane blir gjort merksame på datoen for landbrukspolitisk konferanse.

Personalendringar

Nytilsette

Iris-Adele Berg Jess er frå 1. august tilsett i vikariat som rådgivar. Ho er nyutdanna jurist og vil i hovudsak ha jordlov, konsesjonslov og odelslov som arbeidsfelt.

Slutta

Synnøve Hognestad kjem ikkje tilbake i stillinga hos Fylkesmannen. Ho har hatt permisjon frå stillinga hos Fylkesmannen sidan 1. november 2011.



"Din mat er din medisin"
Hippokrates

Arrangementskalender

2012

26.-28. september

Studietur til Tyskland for å sjå på økologisk matproduksjon

Tema: "Frå jord til bord"

Kontaktperson: Annabell Pfluger

4. oktober

Lokalmatseminar – "Korleis lukkast som lokalmatprodusent?"

Stad: Måltidets Hus, Stavanger

Arrangør: Oikos – Økologisk Norge

Kontaktperson: Helene Austvoll i Oikos

24. oktober

Dialogmøte med tilsette i kommunal landbruksforvaltning

Stad: Victoria hotel, Stavanger

Kontaktperson: Bente E. Halvorsen

1. november

Dagsseminar om økologisk mat i storkjøkken

Stad: Statens hus, Stavanger

Arrangør: Fylkesmannen i Rogaland i samarbeid med Nofima, Difi og ØQ – Økologiske føregangsfylker

Kontaktperson: Annabell Pfluger

15. november

Inn på tunet – konferanse

Hovudmålgruppa for konferansen er kommunane

Kontaktperson: Bjørn S. Berg

Desember

Møte med nytilsette i kommunal landbruksforvaltning

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Bente E. Halvorsen

2013

5.-6. mars

Landbrukskonferansen 2013

Stad: Quality Hotel Residence, Sandnes

Kontaktperson: Bente E. Halvorsen og Sissel C. Endresen

Landbruksdirektørens hjørne



Lytt til ungdommen!

v/Hadle Nevøy

Landbruks- og matminister Trygve Slagsvold Vedum følger opp forgjengaren sine intensjonar om tettare dialog med unge bønder, og han har nå samla 12 unge bønder frå heile landet til eit ungdomsråd. Desse unge bøndene har som si viktigaste oppgåve å gi ministeren råd om kva som skal til for å betre rekrutteringa til landbruksnæringa. Ei svært viktig oppgåve, og kven skulle vere betre skikka til dette enn nettopp ungdommar om har valt å satse på ei yrkesframtid i landbruket.

Anne Karin Grødeland frå Klepp er med i dette rådet. Av mange aktuelle kandidatar frå fylket vårt, har ministeren gjort eit godt val. Ho overtok heimegarden tidleg og driv saman med ektefellen Roar ein topp moderne grisproduksjon. Ho får ei viktig oppgåve å målbera dei tankane som ungdommar i landbruksfylket Rogaland gjer seg om framtida, og om kva dei ventar seg av politisk ryggdekking for å velje ei framtid i landbruket. Frå omtale i media, ser vi at ho har invitert med seg andre unge bønder til ei samtalegruppe for å vere best mogleg førebudd til oppgåva. Eg ønskjer henne lukke til, og håper at mange unge frå heile fylket vil bidra med konstruktive innspel.

Som alle næringar er landbruket heilt avhengig av god rekruttering. Det er ikkje sjølsagt at det står ein ny brukar klar til å overta garden og vidareføre drifta den dagen tida for eigarskifte er komen. Til nå har mange tatt for gitt at son eller dotter vil overta og drive garden vidare.

At dette ikkje ei sjølvfølge lenger, tenkjer eg kan vere bra for landbruket. Unge som vel å overta garden ut frå interesse for bondeyrket heller enn ut frå tradisjon eller pliktkjensle, vil utan tvil styrkje landbruket som næring og heve statusen for yrket. Bondeyrket er avgjort meiningsfylt, og næringa treng unge entusiastiske bønder for å løyse viktige samfunnsoppgåver.

Landbruket må stå fram som eit konkurransedyktig yrkesval for dei unge. Her har mange av oss viktige oppgåver i å framheve dei mange positive sidene ved yrket. Konkurransen i arbeidsmarknaden om dei beste ungdommane er hardare enn kanskje nokon gong, spesielt i store deler av fylket vårt. Yrke med høge lønningar og ordna arbeidstid, med klart fastsette ferie- og fritidsordningar, fristar. Landbruket er i dag neppe førstevalet verken ut frå økonomi- eller fritidsomsyn. Dette reknar eg med at ungdommane vil fortelje ministeren i klartekst.

Kva kan så vi andre bidra med? Eg har stor tru på at det er viktig å lytte til ungdommane i alle samanhenger, ikkje minst i kommunane. Rekrutteringa til næringa er i mykje større grad avhengig av kva ungdommane tenkjer enn kva vi andre tenkjer. Kanskje ministeren sitt ungdomsråd kan gjennomførast også i kommunane. Kvifor ikkje.

I tillegg er det viktig å setje pris på dei ungdommane som vel å satse på landbruket. Vi har mange flotte ungdommar i fylket vårt. Kommunar rundt i heile landet er flinke til å heidre heltar, idrettsutøvarar, kunstnarar og andre. Mange av kommunane i fylket er sterkt avhengige av landbruket. Kva er då meir naturleg enn å heidre også kvardagsheltane gjennom å kåre årets unge bonde i kommunen? Sjølv om mange kommunar alt har ulike tiltak for å stimulere til styrking av landbruket, er det garantert rom for meir stimulans blant dei unge.

Lukke til.



Foto: Arne J. Lyshol

Faggrunnet og forskrift om kystlynghei som utvald naturtype er på høyring

Direktoratet for naturforvaltning har sendt forskrift og faggrunnet for kystlynghei ut på høyring. Både kystlynghei som er klassifisert som svært viktige (A- lokalitetar) og viktige (B- lokalitetar), er foreslått omfatta av forskrifta. I Rogaland er det store areal som er registrert.

Rogaland er det fylket der det er kartlagt mest kystlynghei. I faggrunnet står det at det kan sjå ut som Rogaland er overrepresentert. Om lag 340 000 dekar er registrert i Naturbase. Ca 300 000 dekar er av verdi A eller B.

I forvaltninga må det takast stort omsyn til utvalde naturtypar jamfør Naturmangfaldlova §53 i spørsmål om lokalisering av tiltak, utarbeiding av planar, tiltak eller bruk som kjem i inngrep med naturtypen. Jord- og skogbrukstiltak som påverkar naturtypen, og som elles ikkje krev tillating etter jordlova eller skogloven skal meldast til kommunen, og kommunen må gi si godkjenning før tiltaka kan setjast i gang.

Grunneigarane vil bli påverka med tanke på arealomdisponeringar og fysiske inngrep som til dømes vegbygging, oppdyrking, oppgjødsling til kulturbeite og skogplanting.

DN har fokus på frivillige avtalar med grunneigarane for å få til berekraftig skjøtsel, og det blir gitt tilskot både frå Fylkesmannens miljøvernaveiding og via Regionalt miljøprogram under føresetnad av at det ligg føre ein skjøtelsesplan.

Sektormynde er blitt oppoda om å synleggjere kva konsekvensar dette vil kunne få for jord- og skognæringa. Vi oppmodar kommunane om å setje seg inn i forslaget som ligg til høyring.

Kontaktpersonar: Monica Dahlmo og Nono Dimby

Høyringsfrist: 1. november 2012

- [Lenkje til saksdokumenta på nettsidene til Direktoratet for naturforvaltning](#)
- [Kart som viser registrert kystlynghei i Rogaland](#)

Forslaget til tilføyingar i forskrift om utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova:

*Kystlynghei. Med kystlynghei menes åpne, heipregete og trebare områder dominert av dvergbusker, først og fremst røsslyng (*Calluna vulgaris*), formet gjennom rydding av kratt og skog og langvarig hevd gjennom beite, regelmessig lyngbrenning og eventuelt lyngslått, og som oppfyller kriteriene for å bli klassifisert som "svært viktige" (A-lokalitet) og "viktige" (B-lokalitet) av Direktoratet for naturforvaltning.*



Foto: Nono Dimby

Tredrivar på plass

I Rogaland eksporterer vi det meste av tømmeret vi høgg ut av fylket – medan vi importerer det meste av trelastbehovet. Det gir lite lokal verdiskaping. Tredrivaren skal motivera til meir bruk av tre i byggjeri – og spesielt av lokal trelast.

Den nye tredrivaren, *Olav Mellemstrand*, er blitt ein del av tredrivarnettverket som Innovasjon Norge har oppretta over det ganske land. Gjennom informasjonsarbeid og nettverksbygging skal tredrivaren styrka og utvikla trenæringa i fylket. Motivasjonsarbeid overfor utbyggingsinteresser og offentlege aktørar blir viktig. Byggherrar, byggmeistarar, arkitektar og lokale sagbruk er alle målgrupper for dette prosjektet.

Delar av arbeidet vil føregå gjennom Rogaland Treforum, som nettopp er eit nettverksforum for trenæringa. Tredrivaren vil nytta tid i starten til å reisa rundt i fylket for å bli kjent med trenæringa og aktuelle offentlege aktørar.

Gjennom det nasjonale tredrivarnettverket og Innovasjon Norge sentralt vil Mellemstrand også få god innsikt i korleis andre fylke går fram for å skapa arbeidsplassar innan trenæringa.

Mellemstrand (28) driv som forretningsutviklar gjennom Synesvarden as og har mellom anna styreverv innan sagbruksindustri og treindustri. Formelt er Olav Mellemstrand engasjert gjennom Rogaland landbruksselskap med i underkant av eit halvt årsverk – i første omgang for eitt år. Prosjektet er eit spleiselag mellom Innovasjon Norge, fylkeskommunen og Fylkesmannen.

Også kommunane er i målgruppa for prosjektet, gjerne både som byggherre, politisk aktør og som næringsutviklingsaktør. Ta difor gjerne kontakt med **Olav Mellemstrand (906 32 906)** eller med Lars Slåttå (415 67 572) for besøk eller spørsmål.



Foto: Lars Slåttå

Utbetalt produksjonstilskot i 2011

Tal frå SLF visar at det totalt blei utbetalt **1,085 milliardar kroner til 4 496 søkjarar i Rogaland i 2011.**

I forhold til 2010 var det ei auke på omkring kr 42 millionar, og det blei utbetalt til nokon færre søkjarar enn i 2010. Produksjonstilskotet for husdyr i 2011 var totalt på kr 401 614 988 mens avløysartilskotet var kr 178 370 341. Det totale tilskotet som blei utbetalt for pleie av kulturlandskapet i Rogaland var kr 237 260 156. Driftstilskotet i mjølkeproduksjon var på kr 147 482 400, mens økologisk landbruk fekk totalt kr 1 717 184 i tilskot for areal, husdyrhald og omlegging.



Foto: Nono Dimby

Statens Landbruksforvaltning besøker Rogaland

Når dette nummeret av Land og Bruk blir publisert har akkurat ei heil avdeling frå Statens Landbruksforvaltning (SLF) avslutta ein tredagars tur til Rogaland. Vi håper at dei har lært mykje nytt om landbruksfylket vårt!

Frå onsdag 12. september til fredag 14. september kjem SLF på besøk til Rogaland. Avdelinga som kjem har primærprodusentane som målgruppe for sitt arbeidsområde, og sidan Rogaland er det viktigaste landbruksfylket i Noreg tykkjer vi det er svært positivt at dei ønskjer å bli betre kjent med fylket vårt.

Det er mykje vi ønskjer å vise fram på ein slik tur og det å få med alt på tre dagar er diverre ikkje mogleg. Me håper likevel at programmet skal gje SLF eit innblikk i noko av det Rogaland har å by på og utfordringane vi står føre. Vi skal i løpet av dei tre dagane halde oss på Jæren, Rennesøy og Finnøy. SLF skal få besøke ulike produsentar, Kviamarka, Måltidets hus og Landbruksparken. I tillegg håper vi dei får gode matopplevingar i matfylket vårt, når me nyttar oss av nokon av dei spanande tilboda som finst her. Heile programmet ligg på nettsidene våre.

Kontaktperson: Linn Borsheim

Forskrift om utsetting av utanlandske treslag

Ny forskrift om planting av sitkagran, lerk, fjell-edelgran mv. tok til å gjelda frå 1. juli i år. Fylkesmannen har fått delegert ansvar for søknads- handsaming, men endelege retningslinjer og prosedyrar er ikkje på plass enno.

Forskrifta er heimla i naturmangfaldlova, og føremålet er å sikra at utplanting av utanlandske treslag ikkje gir uheldige følgjer for naturmangfaldet. Forskrifta gjeld berre utanlandske treslag til skogproduksjon, inkl. juletre og klippegrønt.

Kommunen må medverka til at alle som skal planta utanlandske treslag får nødvendig informasjon og dessutan hjelpa til med søknadene. Vi må rekna med at skogeigarane er usikre på mangt, prosedyrar mv., no første året. Søknadsskjema er å finna på nettsida til [Fylkesmannen i Rogaland](#).

Retningslinjene som var lova før ferien, er enno ikkje på plass, men Fylkesmannen er invitert til kurs om temaet 3. – 4. oktober. Vi kjem tilbake med meir informasjon i etterkant av kurset.

Kontaktperson: Lars Slåttå



Foto: Lars Slåttå



Foto: Nono Dimby

Tilskott til fornya grøfting på fulldyrka jord frå 1. januar 2013

I jordbruksoppgjeret 2012 blei det for 2013 øyremerka eit ekstra nasjonalt tilskot til grøfting av fulldyrka jord på 100 millionar kroner. Landbruks- teljinga 2010 viste at av omlag 840 000 dekar full- dyrka jord med dårleg dreneringstilstand i Noreg, så låg 3 806 dekar i Rogaland.

Vi veit ikkje om grøftetilskotet blir innført som ei varig tilskotsordning framover eller om den berre vil vere gjeldande for 2013. Desse grøftemidlane skal for- valtast gjennom SMIL-ordninga. Midlane som no er øyremerka grøfting, skal fordelast til fylka etter mengde fulldyrka areal. Korn-, grønsaks- og potet- areal blir tillagt dobbel vekt. Fylkesmannen i Rogaland vurderer for 2013 å fordele Rogaland sin del av dette grøftetilskotet etter kva prosentvis del av fulldyrka jord kvar kommune har i høve til totalt full- dyrka areal i Rogaland. Tildeling av grøftetilskotet vil bli gjort i samband med tildeling av SMIL-midlar for 2013.

Fulldyrka jord med god dreneringstilstand er avgjer- ande for å nå det nasjonale målet om 1 % i årleg auke av matproduksjonen. Ei jord i god drenerings- tilstand aukar avlinga på same gjødslingsnivå, reduserer faren for erosjon, reduserer faren for ut- vasking av næringsstoff og slepp ut mindre lystgass enn vassmetta jord.

Vi ventar på nærare nasjonale retningslinjer for korleis grøftetilskotet skal tildelast. Det vi førebels kan stadfeste, er at grøftetilskotet på 1000 kr/daa berre gjeld til fornying av grøfter på allereie fulldyrka areal, søkjar må ha Miljøplan trinn 2 (stadfesting av føretaket miljø- og kulturverdiar og prioritering av aktuelle tiltak) og søknader om grøftetilskot skal innehalde ein grøfteplan med kart. Det gis ikkje grøftetilskot til oppstarta grøftetilskot.

Fram mot 2013 oppmodar vi kommunane til å

- informera om grøftetilskotet
- sjå nærare på kva område/gardar som lokalt bør prioriterast med omsyn på tildeling av grøftetilskot.

Kontaktperson: Nono Dimby

Prosjekt Drenerings- og jordfysisk tilstand - innverknad på arealproduktivitet

Fylkesmannen i Rogaland har på vegne av landbruksavdelingane hjå Fylkesmannen i 6 fylke (Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, og Møre og Romsdal), inngått eit samarbeid med Bioforsk Fureneset om å samle og samanfatte forskning og praktisk kunnskap om drenering, og gjere dette lett tilgjengeleg for bønder, entreprenørar og rådgivingstenesta i landbruket.

Vi ønskjer med dette å stimulere bøndene til ei aktiv og riktig innsats på drenering framover. God jordkultur kan gje eit vesentleg bidrag til å nå nasjonale målsettingar om å auke matproduksjonen, redusere klimagassutslepp frå landbruket og betre vasskvalitet i vatn og vassdrag. Ein god vassstilstand i jord ved god og riktig drenering, er ein føresetnad for god jordkultur.

Ei samordning av innsatsen på drenering på tvers av fylker med nokolunde like føresetnader for plantevekst og driftssystem kan gje kostnads- og tidsmessige fordelar samanlikna med at kvart fylke utarbeider sitt eige.

Ein artikkelserie om praktisk drenering vil bli publisert i Bondevennen hausten 2012. Fagfolk i offentleg og privat sektor, Bioforsk og Norsk landbruksrådgiving langs Sørvest- og Vestlandet skal bidra til at artikkelserien får ei rett fagleg forankring i problemstillingar som gjeld landbruket på Sørvest- og Vestlandet.

Artikkelserien skal innan 30. mars 2013 vere samla til eit faghefte om praktisk drenering. Fagheftet skal, i tillegg tildistribusjon til bønder og interesserte, brukast på fagseminar og fagmøte med drenering som hovudtema. Fagmøta vil bli arrangert spreidd over Sørvest- og Vestlandet opp til Møre og Romsdal gjennom våren 2013.

Kontaktperson: Nono Dimby



Foto: Nono Dimby

Stor innsats på hogst og plante-kontroll

Dei siste åra er det lagt ned ein stor innsats frå kommunane på oppfølging av foryngingsplikta etter skogbrukslova og forskrift om berekraftig skogbruk.

Det er kontrollert 160 hogstflater i 2010 og 2011. Oppfølging av kontrollen vere viktig framover for å sikre ein god og framtidretta produksjon på areala. Det er blant anna laga eigne retningslinjer for omdisponering av skogsmark til jordbruksformål – tidsfristar, krav til produksjon m.m..

Kontaktperson: Stein Bomo



Foto: Stein Bomo

Faktaflak frå Rogaland

Landbruks- og matdepartementet har dei siste åra bedt Fylkesmennene om å utarbeide fylkesvise faktaflak.

Her blir det gitt ei oppsummering av utviklinga av landbruket i fylket og oppdatert statistikk, og det blir peika på kva som utfordringane på ulike område innan landbruket i Rogaland.

- Lenkje til [Faktaflak 2012](#) (PDF-fil)

Kontaktpersonar: Aart Magnussen og Sissel C. Endresen

Spesielle miljøtiltak i jordbrukets kulturlandskap (SMIL) – inkludert grøftetilskot

SMIL-tilskotet har som føremål å ta vare på natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og å redusere forureininga frå jordbruket utover det ein kan forvente gjennom vanleg jordbruksdrift.

Innsatsen skal forankrast i lokale behov, utfordringar og målsetjingar gjennom 4-årige kommunale SMIL-strategiar. Tilskot kan gis til føretak/eigarar som driv og/eller eig ein landbrukseigedom, eller til alle som er registrert i einingsregisteret og som har fått lov av den som eig landbrukseigedommen til å gjennomføre eit tiltak.

Frist for førebels rapportering for bruk av SMIL - midla i 2012 er 15. oktober 2012.

Det er viktig at den førebelse rapporteringa blir så fullstendig som mogleg og at tiltaka blir gjennomført slik at tidlegare løyvde midlar kan bli utbetalt. Den førebelse rapporteringa vil òg bli brukt til omfordeling av SMIL-midlar slik at ubrukte midlar kan overførast til kommunar som har høg aktivitet innanfor SMIL-ordninga. Då sikrar vi at den totale ramma for SMIL-midlar i 2012 for Rogaland blir brukt opp.

Frist for å fatte vedtak på løyving av SMIL-midlar for 2012 er 1. november 2012.

I tidlegare år var denne fristen sett til 1. desember.

Rekneark for administrering av SMIL-ordninga, eit middel til betre SMIL-administrasjon?

Reknearket "2012 – SMIL kommune" som blei sendt til kommunane 13.4.2012 inneheld blant anna dei skjema som skal sendast til Fylkesmannen i samband med førebels rapportering (frist 15. oktober) og endeleg rapportering for 2012 (frist 15. januar 2013).

Om nokre kommunar ønskjer å få tilsendt eit separat skjema til førebels rapportering, kontakt Nono Dimby på e-post: nono.dimby@fmro.no.

Kontaktperson: Nono Dimby

Hovudtypar av tiltak	Døme
Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt	Utarbeide heilskapelege skjøtsels-/forvaltningsplanar over større område som leiar til tiltak på miljøområdet (vassforskrifta, biologisk mangfald og kulturlandskap)
Tilgjenge og opplevingskvalitet	Rydding av stiar, merking, skilting, grinder og oppsett av gjerdeklyvarar
Biologisk mangfald	Ivareta leveområde og spreingsveggar for plantar og dyr
Gamal kulturmark	Ivareta gamle driftsformer som naturbeitemark, ljåslått, styving og lyngbrenning
Andre kulturminne og kulturmiljø	Restaurering av steingardar, elvemurar, gamle veggar, skjøtsel av gravhaugar og hustuffer
Freda- / verneverdige bygningar	Utvendig restaurering av bygningar i landbrukets kulturlandskap (tun-/sjø-/stølsmiljø). SEFRAK-registrerte bygningar bør prioriterast
Redusere forureining og risiko for forureining	Etablere fangdammar, reinseparkar, fangvollar Ekstensiv drift langs vassveggar Utbetring av særskilte bygningsmessige miljøtiltak
Investeringstiltak for organisert beitebruk	Gjerding og anna tilrettelegging
Grøfting (frå 2013)	Fornyng av grøfter på fulldyrka jord.



Foto: Nono Dimby